



GODT SAGT

Kva glede er større enn gode nyheiter om venner?

ROBERT BROWNING

NAMNEDAG

Torsdag 28. juni: Lea, Leo, Leon
Fredag 29. juni: Peter, Petter, Per

VËR OG VIND

Torsdag vert det for det meste pent ver. Tilskyande om kvelden.
Fredag særleg bris, kuling på kysten. Regn og regnbyger. Uendra eller litt lågere temperatur.

STINA I STØÆ:

I helga vart det kåra vinnarar i blåsing, trilling, fisking, sykling, ljåslått og handbak, ser eg.
– Ein kan snart ikkje gå utom døra utan startnummer og dommarpanel...

Jodling og krigsutstilling

RADØY: Utvandringsfestivalen på Sletta i helga startar med jodlekonsert og held fram med både foto-utstilling, kransenedlegging og liv i emigranthusa.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Kerry Christensen er ein kjend jodlar frå USA, og saman med norske Polkabjørn har han konsert i Emigrantkyrkja i morgon kveld. Dette er starten på den årlege Utvandingsfestivalen på Sletta, som varer fram til søndag. Konserten vil sikkert by på spesielle opplevingar, og truleg ein god del humor og.

Laurdag er det ulike fags-eminar, mellom anna om forlisa til «Titanic» i 1912 og det norske emigrantskipet D/S Norge i 1904.

Familedag

Laurdag vil det også vera liv i emigranthusa og ulike aktivitetar for born. Ein kan prøva seg både på bogeskyting og lassokast. Dei som ønskjer det, kan kle seg ut og ta turen til fotografen.

Laurdag er det og nyopning av utstillinga om Bataljon 99 i lærarbustaden. Det vert og demonstrasjon av militære køyretøy og utstyr.

Kransenedlegging

Laurdag ettermiddag er det kransenedlegging på bautaene ved Emigrantkyrkja, og om kvelden er det festmiddag i Samfunnshuset Skogen Sletta med mange kulturelle innslag.

Søndagen opnar med gudsteneste i Emigrantkyrkja. Då vil og emigranthusa vera opne, og det vert demonstrasjon av militærutstyr. Strilaringen vil ha oppvising ved kyrkja, og det vert utstilling av amerikanske bilar.

Det vert guida turar både på norsk og engelsk, og ein kan sjå filmen som er laga om korleis Vestnorsk Utvandringssenter vart til.



UTSTILLING: Gamle foto inngår i utstillinga om Bataljon 99, den norskamerikanske bataljonen som kjempa under andre verdenskrigen. (Foto: Vestnorsk utvandringssenter)

JODLAR: Kerry Christensen er jodlar på heitid og har 200 framsyningar i året. (Pressefoto)

PONDUS



NORUM BRUNÆ

Kva er den beste sommarhiten?



Inger Helen Midtgård
– «Sommertider» med Gyldene tider var ei landeplage.



Marianne Johnsen
– «Summer of 69» med Bryan Adams.



Veslemøy Årnes
– «Starships» med Nicki Minaj.



Wenche Heggøy
– Vinni med «Sommerfuggel i vinterland» likar eg godt.